



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 02.11.2017  
Vår ref.: 2017/15541-7  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## **Omlagging av takst- og rabattsystemet for bompenggeinnkreving i Hordaland - uttale**

Fylkesutvalet handsama 26.10.2017, sak 254/17,» Omlagging til nytt takst- og rabattsystem for bompenggeprosjekt i Hordaland –uttale», og gjorde slikt vedtak:

1. *Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlagging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, for Hardangerbrua og Vossapakken.*
2. *Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlagging av takstar- og rabattar, utan passeringstak, for Halsnøysambandet og E134 Stordalstunnelen.*
3. *Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framlegget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlagging av takstar- og rabattar i Askøypakken, med atterhald om at Askøy kommune sluttar seg til omlagginga.*
4. *Fylkesutvalet legg til grunn at det nye takst- og rabattsystemet vert gjort gjeldande for den framtidige bompenggeinnkrevinga for E39 Bergen - Os.*
5. *Fylkesutvalet viser til det pågåande arbeidet med ei revidering av Bømlopakken. Fylkesutvalet er samd med Bømlø kommune i at omlagginga av takst- og rabattsystemet for Bømlopakken kan venta til ein revidert Bømløpakke vert vedteke i Stortinget, føresett at dette skjer i god tid før nytt sentralsystem for bompenggeinnkreving vert implementert.*
6. *Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Kvammapakken om å vurdere saka på nytt, og å gjera vedtak om omlagging til nytt takst- og rabattsystem innan året.*
7. *Fylkesutvalet føreset at omlagginga til nye takstar- og rabattar ikkje gjev lågare bompenggeinntekter for dei ulike bompenggeprosjekta/bompenggepakkane, slik at grunnlaget for dei gjeldande garantivedtaka ikkje vert svekka. Fylkesutvalet ber om at takst- og rabattomlegginga vert evaluert om lag eit år etter at endringa er gjennomført.*
8. *Bompengeselskapa for bompenggeprosjekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottsordninga for reduserte bompenggetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompenggetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompenggeprosjekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapa. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at selskapa Voss- og omland*

*Bompengeleskap AS, Bergen-Os Bompengeleskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera.*

9. *I tillegg viser fylkesrådmannen til at fylkestinget, i vedtak frå 14.6.2016 om etablering av eit regionalt bompengeleskap, har fastslått at prosjektet E134 Stordalstunnelen, som HFK-økonomiavdelinga er «bompengeleskap» for, snarleg skal overførast til det regionale bompengeleskapet.*

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*